

**Are Ovesen kjem til Bøkkerverkstaden laurdag!
Han er Vestlandets mest brukte jazztrompetist.
Ovesen spelar fast i Bergen Big Band og
er aktiv i det bergenske jazzmiljøet i ein lang
rekke band og konstallasjonar**

Ovesener utdanna i klassisk trompet ved Griegakademiet i Bergen, og utøvande jazztrompet ved konservatoriet i Haag.

Haner mykje nytta i studiosamanheng og har delteke på innspillingar med ulikeartister/prosjekt som Christine Gulbrandsen , Sigrid Moldestad, Karoline Kruger, De Musikalske Dvergene saman med Frode Alnæs , Bergen Big Band og Savoy Stompers for å nemna nokon.

Ovesen underviser på Bergen Kulturskole der han bl.a dirigerar Bergen Ungdoms storband som har spela på dei fleste jazzfestivalane på Vestlandet. Har også vore dirigent for en rekke storband og korps i Bergen.

Han har dei siste åra vore med på prosjekt med Hordaland teater og Karoline Kruger der framsyningane 'Veggen' og 'Petter og Ulven' bl.a. vart vist på Festspillene i Bergen.

Av Bjarne Øymyr